

Protokoll frå styremøte

Møtenummer : 8/2018-2019
 Dato : Torsdag 20.6.19
 Klokka : 19.30 – 20.45
 Stad : Telefon

NAMN	TIL STADES	FORFALL	FRÅVÆR	IKKJE SAK NR:
Sandal, Nils R. (leiar)	X			
Heimdal, Arve (nestleiar)	X			
Helland, Ruth Sølvi	X			
Schøyen, Lilly	X			
Emil Hillestad		X		
1.vara Heien, Ingrid		X		
2.vara Grimseth, Stian		X		
Ryste, Bodil – fungerande org.sjef	X			
Erling Benjaminsen - økonomikonsulent		X		

Møteplan - neste styremøte:

28. – 29. juni: Felles møte med Hordaland Idrettskrets i Bergen

26. august: Styremøte Idrettskrinsen på Skei kl. 18.00

Representasjon:

Årsmøte Selje IR, Selje	08.05.19	Bodil
Dialogmøte SK, region og idrettsråd, Skei	13.05.19	Nils, Lilly, Bodil, Erling
Felles styremøte med Hordaland IK, Lavik	20.05.19	Nils, Arve, Lilly, Ruth Sølvi og Bodil
Idrettstinget, Lillehammer	24.-26.05.19	Nils, Arve, Ruth Sølvi Bodil
Skikrinsting, Skei	25.05.19	Lilly
Årsmøte Fjaler IR, Dale	27.05.19	Nils
Skiskyttarkrinsting, Hornindal	27.05.19	Arve
Utdeling av 40-, 50- og 60-års idrettsmerke, Skei	11.06.19	Nils, Arve, Bodil

Orienterings-/drøftingssaker:

- Møte med NFF Sogn og Fjordane, fylkesordførar og kulturavd, SFFK
- Idrettstinget 2019
- Interimstyremøte 17. juni 2019
- Felles styremøte med Hordaland IK, 20. mai og 28-29 juni

SAKER :

Sak 28-2018-2019 Protokoll frå førre møte

Sak 29-2018-2019 100 års jubileum i 2019, SFIK

Sak 30-2018-2019 Søknad om støtte til teaterstykke, NFF Sogn og Fjordane

Sak 28 Protokoll frå førre møte

Vedtak: Protokollen er godkjend

Bakgrunn: Jfr. protokoll frå idrettskrinsstyremøte nr. 7/2018-2019. 06.05.2019

Sak 29 Sogn og Fjordane Idrettskrins 100 år i 2019

Vedtak: Administrasjonen jobbar vidare med program for jubileumsmiddag 25.10.19. Det er gjort vedtak om at Idrettskrinsen ikkje skal betale for alkohol/drikke til gjestane, og at det skal vere både inviterte gjestar og ope for påmelding. Administrasjonen jobbar også vidare med video med tema «Historisk tilbakeblikk» med utgangspunkt i digitalisering av gammalt materiell og samarbeid med medielinja på Hafstad vgs.

Bakgrunn: Sogn og Fjordane Idrettskrins har 100-års jubileum i 2019, og det vart i styremøte 7/2018-2019 vedteke at jubileet skulle markast i samband med Idrettens Møteplass. Dato for jubileumsmiddag er sett til 25.10.19, og Idrettens Møteplass 26.10.19. Det har sidan førre styremøte vore jobba med eit framlegg til korleis jubileet kan markerast.

Sak 30 Søknad om støtte til teaterstykke frå NFF Sogn og Fjordane

Vedtak: Sogn og Fjordane Idrettskrins støttar NFF Sogn og Fjordane med kr. 10 000 til teaterstykket «Ingen er homo i 2.divisjon».

Bakgrunn: NFF Sogn og Fjordane har søkt Sogn og Fjordane Idrettskrins om kr. 10 000 i støtte til å setje opp teaterstykket «Ingen er homo i 2. divisjon» saman med Sogn og Fjordane Teater. Dette er eit foredrag/teaterstykke som omhandlar tematikken homofili i fotballen, mangelen på relevante førebilete og den gammaldagse maskuliniteten som er i ferd med å falle i idretten. Det skal vere tre spelestadar i fylket. NFF Sogn og Fjordane vil ha kr. 50 000 i utgifter med stykket. Søknad frå NFF Sogn og Fjordane er vedlagt.


Bodil Ryste, referent